

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 19.06.2018

Christer Lilleskare Olsen (H) sette på vegner av H og Frp fram slikt forslag til vedtak:

«Nytt pkt. 2

Fylkesutvalet samtykker til forretningsområdet på Smålonane slik det er søkt om. Pkt. 2 til 4 strykes.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt.2 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf og Sp) mot Olsen sitt forslag som fekk 6 røyster (H, Frp og V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 3 og 4 vart vedteke med 7 røyster (A, Krf og Sp).

### Vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ønskjer å stø opp om utvikling av Straume til eit attraktivt regionsenter, og er positiv til kommunens oppstart av rullering av kommunedelplanen.  
Reguleringsplan for Smålonane er lokalisert tett opp mot sentrum av regionsenteret og må sjåast i samanheng med regionsentersatsinga.
2. Planforslaget legg til rette for 19 000 m<sup>2</sup> med bilbasert handelstilbod. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner planen vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport, i strid med regionale føringer og nullvekstmålet.
3. Føresegnene i reguleringsplanen opnar for møbelsenter, teppesenter og utsal av kvite- og brunevarer med meir, dette er i strid med regional føresegns. Utval for kultur, idrett og regional utvikling fremjar motsegn til dette punktet. Motsegn kan trekkjast dersom føresegnene vert endra til å opne for handel som er i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.

### Innstilling til fylkesutalet

4. Med heimel i *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel* gir Fylkesutvalet ikkje samtykke til forretningsområde på Smålonane slik det er søkt om. Å opne for eit breitt handelstilbod på Smålonane vil vere med å svekke tilhøvet for handel i sentrum av regionsenteret Straume og bidra til auka biltransport.. Det vert gitt samtykke dersom føresegnene i reguleringsplanen vert endra i samsvar med unntaka i den regionale føresegna.